




Grunnlag for arbeidet med ny fylkesstrategi for landbruket i Møre og Romsdal

I dette dokumentet er det samla ein del statistikk som viser nivå og utvikling for ein del sentrale produksjonar. Det er lagt vekt på å gjere dette mest mulig illustrativt, derfor er det mest figurar og ikkje så mykje tal. Har kommentert litt dei ulike figurane.


I samanlikninga med landet for øvrig er landstala simulert til same omfang som Møre og Romsdal. Dvs. at det i figuren er likt i utgangsåret 2000, som er brukt i dei fleste av figurane. Det er gjort slik for å vise korleis fylket si utvikling har vore samanlikna med utviklinga i landet. Ved å bruke dei reelle tala ville M&R si kurve vore ein flat strek heilt i botnen av figuren som ikkje ville vist oss nokon ting.

Møre og Romsdal sin del av landbruket i Norge




Vi ser at det er stor forskjell i kor store våre produksjonar er i landssamanheng. Ikkje uventa er vi relativt små når det gjeld areal for korn og grønsaker og relativt store når det gjeld mjølk og grovfôrareal. Det kan også leggst merke til at det er nedadgåande trend når det gjeld andeler for både tal føretak (søklarar om produksjonstilskot), for jordbruksareal totalt og for grovfôrareal.

Tal føretak




Jamn, nedadgåande kurve både for fylket og for landet.

Omdisponert jordbruksareal




Eit av dei konkrete måla i landbruksmeldinga frå 2017 var at omdisponeringa av dyrka jord i fylket skulle under 200 daa årleg innan 2021. Vi har vore under dette nivået i tre år allereie. Omdisponering er elles noko som kan vere påverka av større enkeltprosjekt. Det er også verdt å nemne at desse tala (henta frå KOSTRA) gjeld kommunane sine vedtak om omdisponering. Det kan ta litt tid før den faktiske arealbruken endrar seg.

Sau




Svært lik utvikling for både M&R og for landet. Også nokså jamt tal på dyr gjennom heile perioden. I tala er det tatt med både vaksne og lam, søyer og verar, vanleg sau og utegangar. Det har vore litt forskjellige søknadskategoriar gjennom denne perioden, og for at tala skal vere mest mulig samanliknbare gjennom heile perioden er det gjort slik.

Middels buskap i Møre og Romsdal i 2020 er 53,5 vinterfôra sauer (søyer født i fjor eller tidlegare, vèrar ikkje medrekna her). Median er 37 sauer. Dvs. at halvparten har 37 eller færre og halvparten har 37 eller fleire. Berre 20 % av dei som driv med sau har meir enn 80 sauer og berre 1,6 % har meir enn 200 sauer, men det finst buskaper på oppunder 400 vinterfôra sauer.




Mjølkeproduksjon – ku




Mjølkeproduksjon er ein veldig viktig del av jordbruket her i fylket. Den blir omtalt litt ekstra her. Både for M&R og for landet har talet på mjølkekyr gått jamt nedover, men følgjer ein nokså identisk trend. Fylkesvise kvoteregionar gjer at det ikkje er uventa. Ein knekk i 2019 og 2020 for M&R skuldast kommune- og regionreforma (Rindal og Halså ut av fylket, Hornindal inn).

Talet på mjølkekyr er i perioden 2000-2020 redusert frå 29 098 til 18 997 her i fylket, ein reduksjon med ca. 10 000 kyr. Det betyr reduksjon med ein tredel sidan tusenårsskiftet. For landet totalt er talet på mjølkekyr redusert frå 297 634 til 213 473, ein reduksjon med ca. 84 000 kyr. Større avdrått (mjølkemengde pr. ku) gjer at produsert mengde mjølk ikkje har gått ned like mykje som kutalet.

Middels buskap i M&R er no på 29,9 mjølkekyr (basert på oktober 2020). Median er 23 kyr. Det betyr at halvparten av buskapane er 23 kyr eller færre og halvparten er 23 kyr eller fleire. Det er veldig mange i sjiktet mellom 10 og 30 kyr.




Mjølkeproduksjon – geit



Ein figur som liknar på den for mjølkekyr. Langt færre føretak gjer at det blir litt småsvingingar i kurva. Større kvoteregionar gjer også at vi ikkje følgjer kurva for landet like tett som for mjølkekyr.

Vi har 23 buskapar med mjølkegeit her i fylket pr. oktober 2020. Med eit par unntak er alle på Sunnmøre, med kommunane Stranda, Volda og Fjord som dei med flest både geitebruk og geiter.

Ammekyr




Både M&R og landet har hatt ei positiv utvikling, men M&R har ikkje hatt same veksten i talet på ammekyr som landet samla sett. Vi har sett litt på denne utviklinga tidlegare, og sett at det er nokså store fylkesvise variasjonar (i dei gamle fylka). Nokre fylke har ei utvikling omtrent som M&R medan andre har hatt enno større auke enn middel for landet.

Auke i talet på ammekyr må sjåast i lys av nedgang i talet på mjølkekyr. Det har ofte vore i samanheng med avvikling av mjølkeproduksjon at kyrne i staden er blitt ammekyr. Ei ammeku er i denne samanhengen ei ku (som har kalva) men som ikkje er mjølkeku. Dersom eit bruk driv med ammekyr i kombinasjon med mjølkekyr må ammekyrne vere av minst 50 % kjøttferase for å kunne bli


rekna som ammekyr. Medan talet på mjølkekyr er redusert med ca. 10 000 her i fylket i perioden, er talet på ammekyr auka med i underkant av 1 900 i same periode. Det samla talet på kyr er dermed kraftig redusert.

Vi har totalt 316 føretak med ammekyr pr. oktober 2020. Middels buskapsstørrelse er 14,8 ammekyr. Median er 11 ammekyr. Det betyr at halvparten har 11 eller færre ammekyr og halvparten har 11 eller fleire ammekyr. ,

Buskapane fordeler seg slik:



Slaktegris




Når talgrunnlaget er tynt (ikkje veldig mange føretak) så blir det også litt svingingar frå år til år. Den gjennomgåande trenden er at M&R og landet har ei nokså lik utvikling i perioden og at talet på

slaktegris har halde seg nokså stabilt. Ein må kunne gå ut frå at talet på slaktegris står i forhold til talet på purker og talet på smågris, slik at kurver for desse ville vist omtrent det same.


Det har vore litt endringar i produsentmiljøet for svin dei siste åra (oppkjøpsordning purker p.g.a. overskotssituasjon), slik at vi trur nedgangen i grafen for M&R dei siste åra ikkje berre er tilfeldige svingingar.

Jordbruksareal totalt



M&R har hatt ein meir nedadgåande trend enn landet for øvrig. Særleg i perioden 2008 til 2014 hadde M&R ein merkbar nedgang med ca. 50 000 daa på desse få åra.

Grovfôrareal




Ca. 96 % av alt jordbruksarealet i fylket blir brukt til grovfôrproduksjon. Figuren viser ein nedadgåande trend for M&R samanlikna med landet for øvrig. Ser vi på fylket sine tal isolert så ser vi at grovfôrarealet gjekk ned jamt og trutt fram til 2014, flata så ut og fekk til og med ein auke i 2017

og 2018. Knekken i 2019 og 2020 skuldast at Rindal og Halså har gått ut av fylket og Hornindal har komme inn. I 2014 vart det flate satsar for arealtilskot for grovfôr. Det gjer det attraktivt å disponere meir areal enn før. Det er nok årsaka til utflatinga sjølv om talet på dyr fortsatt har gått ned og dermed også fôrproduksjonen.


Leigejordsandelen er høg. For fylket samla sett er den på ca. 58 % med kommunevis variasjon frå 48 % til 84 %. At leigejordsandelen er så høg og at mange føretak disponerer mykje meir areal enn før samtidig med at dyretalet totalt har gått ned gjer at det er grunn til å tru at mykje areal blir drive veldig ekstensivt.

Areal – poteter




Tendensen viser nedadgåande trend i første del av perioden, deretter utflating. Relativt få produsentar gjer at det blir svingingar frå år til år, men totalt sett har vi hatt ei utvikling nokså lik den for landet.

Areal – grønsaker




Vi ser tydeleg at medan landet har hatt ei jamn, positiv utvikling i grønsaksarealet så har ikkje fylket vårt hatt den same utviklinga. Det er stort sett gulrotproduksjonen på Smøla som fell inn under denne kategorien.

Areal – frukt og bær



I første del av perioden var frukt og bær samla (same vekstgruppe). For å kunne samanlikne gjennom heile perioden er derfor kategoriane samanslått i siste halvdel av perioden. For landet for øvrig fordeler frukt og bær seg omtrent 50/50 medan her i fylket dominerer bærproduksjon.



Areal - korn



Kornproduksjon er den nest største produksjonen arealmessig (etter grovfôr) med om lag 3 gonger så mykje areal som poteter, grønnsaker, frukt og bær til saman. Det er derfor bekymringsfullt at kornarealet har gått ned såpass mykje. Kornarealet på landsbasis har også gått ned, men veldig moderat nedgang.

Vi bruker ca. 2 % av jordbruksarealet vårt til kornproduksjon her i fylket, og dette er for det meste i kommunane Surnadal, Sunndal og Rauma. Tilsvarende tal for landet er 30 %.



Organisert beitebruk




Trollheimen vart tatt ut av yngleområdet for jerv i 2011-2012. Dermed kunne meir jerv takast ut frå det området, der det før var mykje lammetap. Det forklarar 'droppet' i lammetapet i den perioden.


Skog

Nedanfor er lagt inn ein del figurar som viser både utvikling, status og framtidsbilete for skogbruket i fylket.





Det er den store planteaktiviteten på 1960-talet som i figuren viser seg som ein topp omtrent no i hogstmoden mengde med gran. Det vil i mange år framover vere eit stort potensiale for langt større avverking enn det vi har hatt og det vi har i dag. Viktig å vere merksam på at dette er stipulerte mengder der mange faktorar påverkar kva ein vurderer potensialet til å vere.



Denne figuren viser aktivitet knytt til skogkultur målt i daa med skog som det har vore utført planting, markberedning eller ungskogpleie i.